Dei er fattige, underbetalte og langt heimanfrå halvtanna år i strekk. Fellesskapet i trua held dei oppe.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, DUBAI

■ **To unge, kristne menn** frå Nepal møter oss i ein leir for gjestearbeidarar. I overfylte hybelhus et og søv dei. Arbeidsvekene er 70-80 timar, med ein times reisetid kvar veg til arbeidet.

– Gud leier oss og styrkjer oss, fortel Rajesh Nepali. Han arbeidar som lagerassistent. Rajesh besøkte kona i 50 dagar etter å ha vore i Dubai i halvtanna år. Han har vore heime to gonger. Til jul dreg han heim for godt, han vil finna arbeid der familien er.

Kameraten Mine Raji har i fire år arbeid som vakt. Han har 12 timars arbeidsdagar og arbeider ofte også på søndagar for å tena nok. Men begge to dreg alltid i ei kyrkje på søndagskveldane. Kring 35 frå deira del av arbeidsleiren set seg i ein buss til nabo-emiratet Sharja. Minst 350 kristne frå Nepal møtest, og nye kjem til.

## Viktig å møtast

– Kristne som kjem frå Nepal til Dubai, brukar ei Facebook-gruppe for å finna ei kyrkje. Det er blitt meir viktig for oss å møtast enn det var i

Nepal. Langt heimanfrå treng vi eit fellesskap. Åndeleg liv er svært viktig for oss her.

Rajesh og Mine og innpå 25 andre møtest laurdagskveldane til cellegruppe på ein open plass mellom blokkene.

– Vi syng og lovprisar. Ein av oss deler noko frå Guds ord.

Rajesh og Mine viser oss ein video av song, gitarspel og trommer.

– Folk som går forbi, stoppar opp. Strengt tatt er det forbode med møte utandørs. Men så lenge vi ikkje plagar naboane, grip ingen inn. Vi har aldri hatt problem.

På onsdagar arrangerer kyrkja i Sharja digitalt møte for leiarar.

– Eg koplar meg på der eg er, fortel Rajesh.

Rajesh tener 2400 AED i månaden, det svarar til vel 7000 kroner. Han sender så mykje pengar han kan heim til kona. Kameraten som ikkje er gift, sender pengar til søstrene sine.

### Elendig betalt

Det er Bibelselskapet i Dubai, ein del av Bibelselskapet i Den arabiske golfen, som hjelper Magasinet Stefanus med avtaler i to arbeidsleirar. Frå møtet med dei to frå Nepal dreg vi vidare til ein annan arbeidsleir. Der møter vi ei gruppe på ti menn frå den sørlege indiske delstaten Andhra Pradesh. Dei – og kring 20 andre – får låna eit eige rom til gudstenester, sidan dei er så mange.

Arbeidsdagane på byggeplassane er 12 timar, med ein times matpause. I tillegg kjem ofte overtid. Dei må opp klokka 4. Bussen går klokka 5 om morgonen, og reisevegen tek ein time. Når dei kjem heim, kokar dei mat, vaskar opp og søv.

Løna er under 1000 AED i månaden, mindre enn 3000 kroner. Ikkje sjeldan tek dei fleste åtte timar overtid på søndagane for å spe på løna.

To tredelar av løna sender dei heim. Resten går til mat og telefonar heim.

– Eg sparar for å betala skulepengar for barna, fortel ein.

– Eg byggjer hus og treng pengar for å betala lånet, fortel ein annan.

Løna er den same som for 15 år sidan, men alt er dyrare. Mennene tek ofte åtte timar overtid på søndagar – før dei dreg til gudstenesta. I dei varmaste månadane, med 40-50 graders varme, får dei tre timar kvile i ei kvilesone.

– Ingen protesterer mot løn og arbeidsvilkår, då veit dei at dei blir sende rett heim.

### Dei syng takkesong

Konene bur i India med ansvar for eitt eller fleire barn. Karane har ferie ein månad i året og dreg heim enten



## Kona mi ber meg koma heim.

*Indisk gjestearbeidar i Dubai.*

ein gong i året eller ein gong kvart anna år. Ein mann på 44 har vore i Dubai i 23 år. Dottera på ti år ser han kvar dag på videochat.

– Kona mi ber meg koma heim, fortel mannen. Både han og dei andre var kristne då dei kom.

Mange har vore i Dubai åtte til ti år.

Hinduar og muslimar frå den same delstaten lever i fred med kvarandre og med dei kristne – i Dubai er alle gjester. Det hender at ein hindu kjem innom møta som gruppa har fredag og søndag frå åtte til ti om kvelden.


Dei har ingen instrument og syng utan. Vi spør om dei kan ta ein song. Ein av mennene reiser seg, tek ei songbok og syng føre.

Kva dei ti fattige mennene syng?

Dei syng ein takkesong. ■



*Dei har vore i Dubai i åtte-ti år, somme meir, langt frå koner og barn. Gudstenesta er samlingspunktet.*



# HINDUER TIL KRISTEN TRO

Stefanusalliansens partner i Bangladesh fokuserte lenge på å nå muslimer. Nå kommer også hinduer til kristen tro.

TEKST: STEFANUSALLIANSEN

ILLUSTRASJON: MORTEN RAVNBØ





På tross av vanskelighetene har Allah gitt oss muligheten til å tilbe ham, forkynne hans ord og tjene hans barn.

*Pastor Mehedi*

■ **Mehedi**, som ikke er hans egentlige navn, leder en bevegelse av flere tusen Jesus-troende muslimer i Bangladesh: De tror på Isa Masih, deres navn for Jesus.

De har en klassisk tro på evangeliet og kristne dogmer. Men de har valgt å beholde sin kulturelle identitet som muslimer. Noen fortsetter å gå i moskéen for ikke å bli definert ut av lokalsamfunnet. De omtaler Gud som Allah.

I mange år var det altså muslimer Stefanusalliansens partner rettet seg mot.

#### **Hinduer til tro**

Men i 2021 ble vår Mehedi også introdusert for noen hindu-ledere som «tørstet etter Allahs ord». Det ble ansatt en egen evangelist for å undervise dem. I 2022 tok 20 av disse imot Isa Masih. I april 2023 ble de og enda fem til døpt.

«Nå er de kjent i samfunnet som kristne og ikke hinduer. Hver søndag samles de til gudstjeneste», skriver Mehedi. De ber om at det skal bli bygget et bedehus for dem, siden de bare har en trang veranda å samles på.

Disse Jesus-troende i Bangladesh er meget fattige. Som de aller fleste andre lider de under en katastrofal økonomisk situasjon som følge av Ukraina-krigen. Livet for alle fattige er i dag langt verre enn det var under pandemien.

Nettverket som Mehedi leder, ga i fjor mathjelp til nær 500 lutfattige familier som ikke ville klart seg uten. De ga penger til 200 familier slik at barna kunne fortsette på skolen: De var på vei ut av skolen på grunn av økonomisk nød.

#### **Møter ekstremisme**

De som tror på Isa Masih, lider dessuten under voksende intoleranse og ekstremisme.

«På tross av vanskelighetene har Allah gitt oss muligheten til å tilbe ham, forkynne hans ord og tjene hans barn», skriver Mehedi i sin rapport for 2023.

Pastor Sahil (som ikke er hans egentlige navn) og et annet familiemedlem ble i fjor sommer kalt inn til et møte i moskéen i sin egen landsby etter fredagsbønnen. Lederne var sinte fordi de to hadde delt om Isa Masih til muslimer. De fikk klar beskjed: Dersom de fortsatte å fortelle om Isa Masih, ville de bli jaget fra landsbyen.

Senere på året kom Sahil hjem fra markedet med noen tepper som skulle deles ut til fattige. Han ble stoppet på veien av en gruppe som startet å krangle med ham. Mennene bad ham gå til lederen for det lokale rådet. Sahil ble anklaget for å ville gi tepper til fattige for få dem til å konvertere.

#### **Måtte flytte**

Moské-lederen tok senere på dagen med seg en stor gruppe hjem til Sahil. Noen ropte at huset burde brennes ned, andre at han burde bli banket opp fordi han prøvde å konvertere mennesker.

Lederen spurte Sahil om teppene. Han tvang Sahil til å gi ham telefonnummeret til Mehedi. Den lokale muslimske lederen snakket høflig med Mehedi på telefonen. Mehedi forklarte: «Du vet at det er vinter, det er hardt for de fattige. Vi prøver vårt beste for å støtte fattige. Jeg vil være glad hvis du som leder kjøper noen flere tepper og deler ut alle teppene blant de fattige.»

Lederen befalte Sahil å distribuere teppene blant dem som var til stede. Men Sahil nektet siden dette ikke var de fattigste. Lederen ble da så sint at han ville slå Sahil, men noen reddet Sahil. Lederen ropte: «Nå forstår vi at du virkelig har blitt kristen. Snart vil du måtte lide konsekvensene.»

Sahils familie lever for tiden i kaos, forteller Mehedi.

– De er isolert i samfunnet. De har gjort sitt beste for å bygge gode relasjoner med samfunnets ledere, men har ennå ikke lyktes, forteller han og ber om forbønn for familien. ■

# BANKA OPP AV TALIBAN



*Zara og mannen flykta frå Afghanistan då Taliban nærma seg Kabul i 2021.  
Dei vågar seg ikkje tilbake.*

Mannen blei banka opp av Taliban. Det kristne ekteparet flykta frå Kabul like før dei svartkledde islamistane på sjokkarta vis tok over den afghanske hovudstaden.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, TADSIKISTAN

■ – **Guds kjærleik held** oss oppe, seier «Zara» til Magasinet Stefanus. Av tryggingssgrunnar kan vi ikkje bruka det rette namnet hennar.

Vi møter Zara i ein liten by utanfor Dusjanbe, hovudstaden i Tadsjikistan. Ho deler historia si i eit hus som vert brukt av kristne som stiller opp for afghanske gitar og kvinner. Dei flykta til nabolandet i nord då Taliban på sjokkarta vis på nytt tok makta i Afghanistan.

### Møtte kristne i Kina

Zara og mannen var muslimar. Mannen var forretningsmann. På ei av dei mange forretningsreisene til Kina, nabolandet i aust, kom han i kontakt med kinesiske kristne.

– Han opplevde kjærleik. Det delte han med meg då han kom heim, fortel Zara. Etter ei tid tok bae to imot Jesus. Det skjedde i 2016.

– Med Kristi kjærleik i hjarta kunne vi elska andre. Vi prøvde å praktisera trua ved å visa andre kjærleik og gav bort ti prosent av inntektene frå forretningsverksemda, legg ho til.

Men paret fortalde ingenting til slektningar. Då dei fekk spørsmål om kvifor dei ikkje gjekk i moskéen, forklarte dei at dei måtte ta seg av barna.

– Vi visste at livet vårt stod i fare dersom naboane fekk vita at vi hadde skifta tru. Vi kjende ingen andre kristne.

I staden følgde Zara, mannen og barna den kristne TV-kanalen SAT-7.

### Banka opp av Taliban

Mannen delte trua med nokre kollegaer på reiser til Kina. Dette kom Taliban for øyra. Mannen vart oppringt og bedt om å stilla i Kandahar, den sørlege byen i Afghanistan der dei mest konservative og dei mektigaste Taliban-leiarane har hovudsete.

– Mannen min vart redd. Han svarte at han ikkje kunne, at han var oppteken med arbeid. Han spurte kvifor han skulle dra. Svaret var at han ikkje trengde vera redd, men at dei hadde spørsmål om kva han hadde med seg heim frå Kina.

Møtet med Taliban skjedde i staden i byen Ghanzi langt nærare Kabul.

” Han opplevde kjærleik hos dei kristne i Kina.

Zara frå Afghanistan

” Vi mista hus og jobb og er redde. Vi har berre Herren og døtrene våre.

Zara frå Afghanistan

– Der blei han banka opp og slått medvitslaus. Han har framleis arr på kroppen. Han vakna igjen på sjukehuset. Sjøføren fortalde han at Taliban hadde bede han køyra dit fordi dei trudde mannen var død. Legane sende han til eit sjukehus i Kabul. Ei blokkering i hjernen vart fjerna, fortel Zara.

Heime igjen kom det alvorlege trugsmål over telefon og på døra. Dei flytta med dei to døtrene sine tre gonger mellom 2019 og 2021. Mannen måtte slutta å arbeida.

### Flykta frå Taliban

Då rykta kom om at Taliban var på veg mot Kabul, vart dei redde for alvor. Tre månader før Taliban tok over hovudstaden i august 2021, drog familien frå landet, med fly til Dubai. Derifrå gjekk ferda til Tadsjikistan.

I ein park i Dusjanbe møtte Zara ein utlending. Ho tok mot til seg og spurte om han var kristen. Mannen sa ja. Zara og mannen byrja å lesa Bibelen saman med han og kona hans.

– Vi blei med i ei huskyrkje. Under eit møte rekte døtrene våre, som då var 14 og 16 år, opp hendene og sa at dei også ville bli døypte. Det hadde dei ikkje sagt til oss på førehand.

Det er mange afghanske flyktningar i den vesle byen i Tadsjikistan. Zara og mannen er blitt ropte «kafir» etter på gata – det er eit nedsetjande ord som vert nytta om ikkje-muslimar.

### «Vi viser kjærleik»

Ein dag vart mannen dregen i skjorta av ein annan afghanar som bryskt sa: «Kvifor dreg du folk til Jesus? Kvifor har du gitt biblar til folk?»

– Vi veit at det er folk som hatar oss. Men vi ber for folk og deler trua med nokre av dei vi møter når vi går frå dør til dør og spør kva folk treng av hjelp. Fordi vi viser kjærleik til andre, gjer folk oss ikkje noko vondt. I ein heim vi besøkte, bad vi for ei kvinne – ho ville bli beden for. Mannen hennar vart sint og spurte kva vi var ute etter. Vi svarte at vi kom på besøk for å hjelpa og at vi ikkje krev at nokon blir kristne.

– Har de håp om å venda tilbake til Afghanistan?

– Nei, ikkje no. Vi mista hus og jobb og er redde. Vi har berre Herren og døtrene våre, seier Zara. ■

I tillegg til prispenger på 10 000 euro fikk Aiman Umarova en due og et prisdiplom. Foto: Anne Marken Gihlemoen



# ‘JEG KAN IKKE VÆRE REDD’

– Den som er redd, kan ikke være forsvarer for menneskerettighetene, sier årets vinner av Stefanusprisen.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Aiman Umarova**, ledende advokat for menneskerettigheter i Kasakhstan, ble forsøkt drept i en fingert bilulykke. Midt i en rettssak truet en dommer henne med fengsel fordi Umarova påpekte at dommeren selv brøt loven.

– Er du fortsatt villig til å risikere livet og friheten?  
– Jeg prøver ikke å tenke på det. Jeg forsvarer mine klienter. Jeg tar de vanskeligste sakene, de politisk motiverte. Den som er redd, kan ikke forsvare menneskerettighetene, sier Umarova til Magasinet Stefanus.

## «Dypt takknemlig»

Den 13. mai fikk hun overrakt Stefanusprisen 2024 under en seremoni i Oslo.

– Jeg er dypt takknemlig. Prisen forteller meg at folk i Norge har samme verdier og de samme standarder for menneskerettigheter som jeg har. Stefanusprisen vil gjøre meg og andre advokater tryggere.

Under seremonien sa hun at hun blant annet «dediserer prisen til det kasakhstanske folk».

– Majoriteten støtter meg. Stefanusprisen skaper håp. Sammen kjemper vi oss nærmere rettferdighet og verdighet. Sammen er vi er ustoppelige.

I 2018 ble Umarova tildelt International Women of Courage Award, som årlig deles ut av USAs

” Stefanusprisen vil gjøre meg og andre advokater tryggere.

Aiman Umarova



Aiman Umarova sammen med (f.v.) professor Gregory M. Reichberg og biskop Ingeborg Midttømme fra priskomiteen. T.h. utviklingsminister Anne Beathe Tvinnereim som overrakte prisen. Foto: Johannes Morken

utenriksdepartement til kvinner som har vist heltemot og offervilje. Men knapt noen i hjemlandet vet dette. Ingen kasakhstanske medier formidlet noe om denne prisen.

Men utdelingen av Stefanusprisen er bredt omtalt, også i store nasjonale medier. Nærmere 15 medier omtalte prisen bare mens Umarova var i Oslo. Hun fikk mange gratulasjoner – fra kolleger og offisielle representanter.

### Har fått håp

Umarova fester et visst håp til president Qasym-Jomart Toqaev, som i 2019 tok over etter Nursultán Nazarbaev, som trakk seg etter nesten 30 år.

I første omgang så det ille ut. I januar 2022 slo sikkerhetsstyrkene brutalt ned fredelige demonstranter som protesterte mot valget. Voldsmenn ble plantet blant de fredelige og brukt som påskudd for bruk av makt. Dette ble dokumentert av en gruppe Umarova etablerte.

I dag er situasjonen for henne selv annerledes. Presidenten har invitert henne med i flere nasjonale komiteer på menneskerettighetsområdet. Under et arrangement i mars var Umarova blant dem som ytret seg. Mens andre vegret seg for å si noe negativt, snakket Umarova om kritikverdige forhold i politi- og rettssystemet og om sine egne erfaringer. Etterpå var det presidentens tur.

– Han anerkjente mitt følelseladde innlegg og sa at «jeg støtter kritikken din». Og han la til at «jeg kommer til å gi en ordre om at folk skal jobbe med disse spørsmålene», forteller Umarova til KPK.

### Krevende prosess

Hun vet det vil ta tid. Rettsvesenet i Kasakhstan er ikke uavhengig av det politiske systemet, slik det er i Norge.

– Dessuten er mange i sikkerhetsstyrkene og administrasjonen fortsatt den forrige presidentens folk.

Det er ikke enkelt å vite hvem som er hvem, heller ikke for en advokat, forteller Umarova til Magasinet Stefanus.

– Det har vært en bedring i menneskerettsspørsmål i Kasakhstan. Men vi trenger en virkelig endring av hvordan lovene håndheves. Det er veldig vanskelig å snu, sier Umarova.

Før trodde hun det ikke hadde noen hensikt å snakke med myndighetene. Etter at Toqaev ble president, har Umarova skiftet mening.

– Nå vil jeg delta. Jeg har tro på at jeg kan være med og skape endringer i samarbeid med myndighetene. Derfor svarer jeg alltid ja når de spør om råd, sier hun.

Hun forteller at det ofte er mangel på grunnleggende kunnskap om menneskerettigheter i statsapparatet. Umarova mener at hun kan bidra.

Om sin grunnleggende motivasjon sier Aiman Umarova:

– Det som driver meg, er å se at det nytter å ta en sak. Kanskje er det mitt arbeid som advokat som faktisk gjør at politiet registrerer en anmeldelse og starter en etterforskning. ■

” Vi trenger en reell reform, en virkelig endring av hvordan lovene håndheves.

Aiman Umarova

## Frykter Putins makt

■ **Aiman Umarova** sier at Kasakhstan er ved et historisk vendepunkt. Men landet, som ikke er en mektig stat, har et stort problem, påpeker hun.

– Vi har to store naboer: Russland og Kina. Gud har gitt oss våre naboer, vi kan ikke velge.

Ikke minst frykter Umarova påvirkningen fra Russland og president Putins makt.

– Deler av sikkerhetsapparatet vårt er utdannet i Russland, sier hun. →

” Deler av sikkerhetsapparatet vårt er utdannet i Russland.

Aiman Umarova



Sikkerhetsstyrkene i Kasakhstan slo ned fredelige demonstrasjoner etter at voldelige elementer som samarbeidet med sikkerhetsstyrkene, infiltrerte.

Foto: Shutterstock



Etter den fullskala invasjonen i Ukraina har Putin forsøkt å få de sentral-asiatiske naboenes støtte. Umarova forteller at mange frykter at Russland vil okkupere også Kasakhstan, dersom Putin vinner over Ukraina.

– Vi håper det ikke vil skje, sier hun.

### Støtter kamp mot ekstremisme

Under intervjuet i Slottsparken i Oslo henger et politihelikopter over oss. Det ivaretar sikkerheten under et fredelig dansk kongebesøk. Lyden er en påminnelse om

situasjonen i land med helt andre utfordringer. Selv er hun glad for tiltak for å hindre vekst i islamsk ekstremisme i hjemlandet.

Nyhetsjeneresten Forum 18 skriver at i 2023 fikk rundt 200 mennesker i Kasakhstan administrative straffer for utøvelse av sin trosfrihet. Det handler om religiøs praksis som ikke er forhåndsgodkjent – som å samles på steder som ikke er godkjent, å dele ut ikke godkjent religiøs litteratur eller å gi barn trosopplæring.

Umarova sier at det er et stort problem at mennesker straffes for sin trosutøvelse. Hun fører selv saker for mennesker som er virkelige offer for brudd på trosfriheten.

### «Vanskelig å vite»

Umarova presiserer at hun ikke kjenner navnene til de rundt 200. Og hun sier at det ikke er lett å forholde seg til alle saker.

– Da sikkerhetsstyrkene i januar 2022 slo ned fredelige demonstrasjoner, samarbeidet noen religiøse ledere med sikkerhetsstyrkene, mens andre ikke gjorde det, sier Umarova og fortsetter:

– Heller ikke for meg er det lett å skille mellom dem som virkelig er ofre for brudd på trosfriheten og som lider i møte med maktaparater, og dem som ikke er offer, men som later som det. ■

## INNSYN | BARN



## Barn hjelper barn

■ **Søndagsskolen i Hafrsfjord** har et stort hjerte for barn andre steder i verden. Til inntekt for Stefanusalliansen gir barna kollekt på samlingene, samler panteflasker og lager kafé. Så langt i år har de klart å samle inn 5 000 kroner.

Pengene går til Stefanusbarna som bor på søppelfjellet i Kairo. «Engasjementet er stort, og det var ekstra stas å selge lapper, kaker og kaffe på kirkekaffen, og alle inntektene gikk til prosjektet,» forteller menighetspedagog Silje Marøy Skogerbø.

Stefanusalliansen takker både barn og voksne for et fantastisk engasjement. ■

Barna på søndagsskolen i Hafrsfjord i Stavanger er glad i å støtte barn i Egypt. Foto: Hafrsfjord menighet

Rettferdighet for dem som lider,  
kan skimtes når vi **ser** hva som foregår.

The image shows a smartphone displaying a campaign page. At the top is an eye icon and the text 'BREV FOR TROSFRIHET'. Below is a portrait of Johannes Morken. At the bottom of the phone screen, it says 'PÅ E-POST fra Johannes Morken'. To the right of the phone is a circular QR code with the text 'SKANN med mobilkameraet ditt her' and 'PÅMELDING'. The background is a word cloud with terms like 'urett', 'kamp', 'trosfrihet', 'forfulgt', 'fengslet for sin tro', 'tortur', 'håp', 'kjærlighet', 'på flukt', 'rettferdighet', 'menneskerettigheter', 'dødsdømt', and 'frihet'.

**SE HVA SOM FOREGÅR**

**Bli abonnent på BREV FOR TROSFRIHET på e-post.**

Få siste nytt fra kampen for trosfrihet i verden, det viktigste fra nyhetsbildet og Stefanusalliansens partnere rett i din e-postkasse. Meld deg på webadressen: [kampanje.stefanus.no/brev-for-trosfrihet/](http://kampanje.stefanus.no/brev-for-trosfrihet/) eller skann over QR-koden med mobilkameraet ditt og registrer deg på nettsiden. Du vil motta nyhetsbrevet ca. hver 14. dag. Abonnementet er **GRATIS**, og du kan når som helst melde deg av. **Takk for at du bryr deg om de forfulgte!**

# Scenen var satt for en tragedie



«Vi er helt vanlige muslimer og kristne som har vokst opp med usannhetene som skaper konflikt. Gjennom kursene blir vi mytekusere og fredsskapere,» forteller HIDEYA DUDE, frivillig kursholder for Stefanusalliansens partner Procmura i Tanzania.

De kristne i den lille landsbyen var så takknemlige: De hadde fått sin egen kirke! Endelig hadde de sitt eget sted vekk fra det de mente var besatte muslimske naboer. De var oppdratt til å tro at det bodde onde ånder i hijaben. Kirken var en enkel murbygning, med store åpne vinduer uten glass eller skodder. Det gav god gjennomlufting i den fuktige Zanzibar-heten og sangen hørtes godt på utsiden.

Men de muslimske naboene til kirken var forferdet! En av deres egne hadde forrådt dem, og solgt et stykke jord til en kristen. Og nå var det attpåtil bygget en kirke der! Fordommene blusset opp blant dem: den nybygde kirken ville infisere hele det trygge samfunnet deres og gjøre det urent. Noe måtte gjøres.

Allerede under første gudstjeneste kom noe stinkende susende inn gjennom de åpne gluggene: poser fylt med avføring. Så eskalerte det: I sinne kastet en gjeng tenåringsjenter stein på kirken. I sinne grabbet den kristne vakten tak i en av dem, dro henne inn i kirken og rev av henne hijaben. I sinne gjøv de to gruppene løs på hverandre. *Les mer på s.2*

**Hva skjedde så?** Vi har lest om det før: "Lokal religiøs konflikt endte i blodbad!" "Titalls mennesker skutt i konflikt mellom religiøse grupper". Dette skjedde IKKE. Hidaya grep inn! Hun og andre lokale fredsmeglere gikk mellom og fikk roet ned konflikten. De hadde tatt Stefanusalliansens kurs i trosfrihet og fredssamtaler hos vår partner Procmura.

**Både i Vest-Afrika og på Afrikas horn i øst, opplever de nå økt religiøs ekstremisme blant kristne og muslimer. Trusselbildet er svært spent, og behovet for lokale fredsmeglere er større enn noen gang!**

## Vil du gi en fredsgave og stoppe religiøse konflikter?

### Gaveeksempel:

Skap en lokal  
fredsmegler:

**kr 375,-**

### Gaveeksempel:

Én dag med  
trotsfrihetskurs  
for 15 mennesker:

**kr 730,-**

### Gaveeksempel:

Lønn en lokal  
frivillig som  
Hidaya:

**kr 1700,-**

v:pps

til 19013  
- merk med:  
**fred**

